



Orkanger, 27.02.2019

Norges vassdrags og energidirektorat
nve@nve.no

Innspel til revisjon av reguleringsvilkår i Gangåsvatnet og Skjenaldelva i Orkdal kommune i Trøndelag

Vi viser til at vi i brev av 25.01.2019 frå NVE, dykkar ref: 201836332-6 kv/jfj er bedne om å koma med eventuelle innspel til arbeidet med revisjon av reguleringsvilkåra for Gangåsvatnet med frist 1. mars. Vi takkar for invitasjonen, legg her fram nokre innspel.

Vi viser først til kravet vårt om revisjon av reguleringsvilkåra for Gangåsvatnet av 26.07.2018, og kommentar med innspel som vi sendte NVE 20.01.2019.

Regulanten har uttrykt ønske om at arbeidet med revisjon skal bli sett i gang først i desember 2019, men frå vår side håper vi at dette arbeidet kan bli starta så snart som mogleg, då erfaringa seier at ein revisjonsprosess kan ta tid.

For vår del dreier det seg om å få klare rammer for reguleringa framover, av omsyn til biologisk mangfald i Gangåsvatnet og Skjenaldelva.

Vi ser det vidare slik at rammer og vilkår for regulering av Gangåsvatnet og Skjenaldelva må bli regulert gjennom offentleg fastsette vilkår, og ikkje gjennom eventuelle privatrettslege avtalar.

Vi ber difor om at det blir etablert nye, offentleg fastlagde og varige rammer for reguleringa av Gangåsvatnet, som gir varig sikring av naturverdiane i Svorkmyran naturreservat, andre naturverdiar i/ ved Gangåsvatnet og i Skjenaldelva.

Vannressurslova § 28

Vi har registrert at NVE foreslår å bruke omgjering av konsesjon etter vannressurslova § 28. Vi forstår det slik at ein med grunnlag i denne lovparagrafen kan gjennomføre ein relativt open revisjon, inkludert endring av LRV og HRV, dersom det kan bidra til å betre situasjonen for viktige og truga naturverdiar.

I vår kommentar av 20.01.2019 tok vi utgangspunkt i ei forståing av at departementet hadde slått fast at det ikkje ville vera mogleg å endre LRV og HRV. Dersom det stemmer at § 28 i vannressurslova opnar for å inkludere revisjon av LRV og HRV har vi følgjande innspel som er meir omfattande enn det vi skreiv i vårt brev av 20.01.2019.

Generelt

Verneforskrifta for Svorkmyran naturreservat set langt strengare rammer for kva som er tillate av nivåregulering enn som kan skje innafor ramma av dagens LRV og HRV. Det går både på overfløyming og tørrlegging av våtmarksområdet.

Tilsvarende problem gjeld også for andre våtmarksområde langs kanten av Gangåsvatnet. Eit typisk døme er våtmarksområdet ved utløpet av Hallsteina (ved Asbjørnslettet), med den raudlista naturtypen meander, kategorisert som VU¹.

¹ Artsdatabanken – Norsk rødliste for naturtyper – landform meander (VU):
<https://artsdatabanken.no/rln/2018/200/Meander?mode=headless>

Nokre innspel

1. I hekketida, kanskje april – juli må vasstanden bli halden ganske fast på ein viss kote, med liten reguleringsmargin (0,5 meter?), slik at ein både unngår overfløyming og tørrlegging av Svorkmyran naturreservat og andre tilsvarande område langs stranda av Gangåsvatnet. Kva som må til for å sikre verdiane i naturreservatet og andre område må bli vurdert av fagfolk.
2. Utafor hekketida må det også bli vurdert kva som er akseptabel variasjon av vasstanden, med mål om fastlegging av HRV og LRV som kan tilfredsstille miljøkrav knytt til plante- og dyrelivet i naturreservatet og andre tilsvarande område i Gangåsvatnet.
Vi vil vise til at verneforskrifta for Svorkmyran naturreservat ikkje har sesongmessige vilkår. Verneforskrifta har dermed reelt sett same forbod mot tørrlegging og overfløyming heile året.
Eit døme på problem med låg vasstand også utafør hekkesesongen, er beverhytta i Svorkmyran naturreservat, der inngangen vart tørrlagt sommaren 2018, og der også overfløyming kan gje problem (vedlagt foto frå sommar 2018).
Vurdering av vassnivået opp mot beiting (fisk) og anna liv i strandkanten bør inn som element.
3. Etablere målestasjon for nivå nær utløpet av Svorka i Gangåsvatnet, slik at det er god kontroll på nivået ved Svorkmyran naturreservat. Tilsvarande målestasjonar etter behov ved andre kritiske punkt.
4. Etablere tilleggsdam/ barriere ved Osbrua, ved osen i Gangåsvatnet, slik at regulanten kan unngå å tappe vatnet langt ned ved revisjon av kraftverk og inntaksdam.
Det har vore ein slik dam der tidlegare, men no står berre restane att.
5. Etablere minstevassføring i Skjenaldelva heile året, kanskje i form av sokalla miljøtilpassa vassføring, avhengig av tilsig.

Helsing Mads Løkeland

Naturvernforbundet i Orklaregionen

Vedlegg:

- Foto av beverhytte med tørrlagt inngang i Svorka/ Svorkmyran naturreservat, sommar 2018
- Info om våtmarksområdet ved utløpet av Hyllbekken

Vedlegg:

1. Foto av beverhytte i Svorka/ Svorkmyran naturreservat, sommar 2018



Beverhytte med tørrlagt inngang, sommar 2018, Foto: Steve Halsetrønning

2. Info om Jamtmyra v/Asbjørnslettet i Orkdal

Utløpet av Hallsteina og våtmarksområdet rundt, har mange av dei same kvalitetane som Svorkmyran naturreservat ved Gangåsvatnet. Det kan også vera naturleg å vurdere samspelet mellom Svorkmyran naturreservat og området ved Asbjørnslettet, spesielt når det gjeld fugl, men også yngel m.m. Utløpet av Hallsteina er meanderande ca 500 meter. Kategorien meander er klassifisert som VU i 2018-utgåva av raudliste for naturtypar.

